



: Rosendal/Uskedalen med Håvard Sætrevik i spissen trente på mjukt Uskedalsgras tirsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Det er allereie lengje sidan Edvin Kjærland friserte graset på Heio første gongen denne sesongen. Og tirsdag kunne spelarane frå Rosendal/Uskedal boltra seg på den fine matta.

Det er rutine at dei trenar i Uskedalen på tirsdagane. 1. mai var ikkje noko unntak, men denne dagen føregjekk treninga midt på dagen..

Spelende trenar Håvard Sætrevik hadde diverre berre to uskedelingar å trena denne dagen, men han hadde godt nytt frå ein Uskedals-synsstad: Både Tommy Eidsvik og Ivar B. Arnesen er no på veg tilbake til laget.

Førebels denne sesongen har berre tre spelarar frå Uskedalen fått prøva seg, nemlig Lars Johan Myklebust, Jørgen Moberg og Simen Raustein.

Men den 12. mai får uskedelingane spela kamp på heimleg gras!

Førebels har kombinasjonslaget fått fire poeng på fire kampar i serien. Sist laurdag vart det 0-5 mot Laksevåg.

Av Ola Matti Mathisen